Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/188759-2 | 18/2031 - 18/26051 | 14.09.2018 |

# Uttale - Dispensasjon frå kommuneplan - Frådeling av bustad - Grimstad - Gnr. 53 bnr. 1 - Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 29.08.2018. Frist for uttale er 21.09.2018.

**Kva saka gjeld**:
Lindås kommune ber om uttale til søknad om deling av eigedom med påståande bustadhus og garasje. Arealet er uregulert og er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF)* jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Tiltaket treng difor dispensasjon frå gjeldande plan.

**Uttale**:
Det kjem av plan og bygningslova § 27-4 at avkøyrsle frå offentleg veg skal vere godkjent av vedkommande myndigheit før det vert gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom.

Lindås kommune skriv at bustaden er oppført i 1984 med alle naudsynte løyver. Parsellen som er søkt frådelt har påståande bustadhus. Det er allereie etablert avkøyrsle frå offentleg veg. Så lenge det ikkje vert søkt om endra eller utvida bruk av avkøyrsla er det ikkje behov for eit nytt løyve.

Vi minner for ordens skuld om at eigar og brukar av avkøyrsla har plikt til å vedlikehalde avkøyrsla og særleg sørge for at det er tilstrekkeleg sikt.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø